

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

**Eg sender inn på
vegne av** Organisasjon

Orgnr 973112635

Namn på verksemد Vestland Bondelag

Adresse Kokstadflaten 36

Postnummer/-stad 5257 Kokstad

Kontaktperson

Namn Eivind Skår

Telefon 98037078

E-post eivind.skar@bondelaget.no

**Enhet i
virksomheten** Vestland Bondelag

Innspel

2. Rammer og føringer

Vi vil gjerne påpeike at det er noko uklart i utkastet til planprogram korleis ein vil arbeide med jordbruk i prosessen fram mot plan, og ber om ei tydeleggjering av dette. I innspelsmøte 9. september fekk vi forståing for at Temaplan Landbruk høyrer inn under regional plan for areal og mobilitet, men at det vil være ein overlapp også med regional plan for verdiskaping og kompetanse. Landbruk er eit særskilt felt som strekker seg på tvers av ulike sektorar. Landbruket blir berørt av og berører sjølv både transport, utdanning, kompetanse, klima, areal, verdiskaping, næring, naturmangfold, vassforvaltning og mykje meir. Vi har derfor forståing for at det er vanskeleg å avgrense landbruk i eit planhierarki. Vi ber om at dette blir adressert i det vidare arbeidet med planprogrammet.

3. Plantema

Landbruksfeltet går inn i dei fleste av dei oppskissa plantemaa. Landbruk bør adresserast tydelega i det vidare arbeidet med planprogrammet.

3.1 Omstilling og konkurranseskraft

Vestland har gode føresetnader for landbruk – spesielt landbruk basert på beite, frukt og grønt. Næringsa sysselsett mange både direkte på gardsbruk, i den utvida verdikjeda og indirekte ved å skape behov for ulike tenester i heile regionen. Slik har landbruket positive ringverknader langt utover sin eigen sektor. Sterk lokal matproduksjon bidrar til berekraftige verdikjeder og eit robust samfunn. Matproduksjon har også ei særskilt rolle i beredskap og samfunnstryggleik slik det blir påpeikt i høyringsutkastet.

Vestland bondelag til framheve at det er viktig at det er fokus på landbruk i det vidare planarbeidet. Landbruket er ein viktig lagspelar for utvikling av næring, arbeidsplassar og kunnskap i Vestland.

3.2 Kompetanse og inkludering

Landbruket er ein kompetanseintensiv sektor. Landbruket er avhengig av tilgang til utdanning og kompetanse. Det er høge krav til kvalitet, dyrevelferd og bærekraft i landbruket, og då må naudsynt kunnskap være tilgjengeleg. Alle med sitt virke innan landbruk har behov for både brei og spesialisert kunnskap. Landbruksskulane på vgs-nivå er førstelinja i dette, men det er også ein del som overtar bruk i vaksen alder utan agronom-utdanning i botn. For denne gruppa er det viktig med tilgang til fagskular og vaksenagronom-linjer. Før bøndene og landbruket er eit fleksibelt kompetansetilbod av høg kvalitet avgjerande.